

Prop. 23 S

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringer i statsbudsjettet for 2011 under Fiskeri- og kystdepartementet

*Tilråding frå Fiskeri- og kystdepartementet 18. november 2011,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Om endringer i statsbudsjettet for 2011 under Fiskeri- og kystdepartementet

Kap. 1020 Havforskningsinstituttet

Post 01 Driftsutgifter

Innleige av erstatningsfartøy til økosystemtokt

Forskningsfartøyet "G.O.Sars" måtte takast ut av drift ein periode hausten 2011 på grunn av motorproblem. Det har ikkje vore mogleg å omdisponere dei andre forskningsfartøya for å dekkje planlagte tokt med "G.O.Sars" i den perioden fartøyet var ute av drift. Havforskningsinstituttet måtte derfor leige inn eit erstatningsfartøy for å kunne gjennomføre økosystemtokt i Barentshavet. Dette toktet er heilt naudsynt for å oppfylle dei forsknings- og overvakingsoppgåvene instituttet har. Fiskeri- og kystdepartementet foreslår derfor at kap. 1020, post 01 blir auka med 5,1 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Periodiseringsavvik for oppdrag under Havforskningsinstituttet

Havforskningsinstituttet hadde både i 2009 og 2010 eit større kontant uheimla meirforbruk ved års-

slutt sjølv om det var tilstrekkelege kontraktfesta oppdragsinntekter til å dekkje meirforbruket. Avviket skuldast at ein del av dei kontraktfesta prosjekttinntektene blir innbetalt etterskotsvis, slik at noko av inntektene knytt til prosjektutgifter i budsjettåret blir innbetalt året etter.

Havforskningsinstituttet arbeider for at det kontante periodiseringsavviket blir så lite som mogleg. Instituttet bereknar likevel at løyvinga på kap. 1020, post 21 vil vere 15 mill. kroner for låg til å dekkje utgifter som er kome til i 2011.

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår derfor at løyvinga under kap. 1020, post 21 Spesielle driftsutgifter blir auka med 15 mill. kroner i 2011. Fiskeri- og kystdepartementet vil foreslå ein tilsvarende auke av inntektsløyvinga på kap. 4020, post 03 i samleproposisjonen som blir lagt fram i samband med revidert nasjonalbudsjett 2012.

Kap. 1021 Drift av forskningsfartøy

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Budsjettmessig handtering av oppdragsverksemda

For å sikre at eventuelle større kontante samla mindreforbruk for oppdragsverksemda ut over 5 pst. av løyvinga på posten kan overførast, foreslår

Fiskeri- og kystdepartementet at stikkordet "kan overførast" blir tilføya posten, jf. forslag til romar- talsvedtak.

Kap. 1022 Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Budsjettmessig handtering av oppdragsverksemda

For å sikre at eventuelle større kontante mindre- forbruk for oppdragsverksemda ut over 5 pst. av løyvinga på posten kan overførast, foreslår Fis- keri- og kystdepartementet at stikkordet "kan overførast" blir tilføya posten, jf. forslag til romar- talsvedtak.

Kap. 1062 Kystverket

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald

Bestillingsfullmakt fornying av fartøy

I Kystverkets handlingsplan for 2010-2019 er det lagt til grunn at det skal byggjast fem nye fartøy. Det vart lyst ut anbod på det første fartøyet i 2010, som eit kombinert vedlikehalds- og oljevern fartøy. Etter anbodskonferansen vart kostnaden for dette fartøyet 117 mill. kroner. I tillegg kom oljevern- utstyr for 11,5 mill. kroner knytt til fartøyet, som vart dekt over avsetninga til beredskap mot akutt forureining. I kontrakten for bygging av det første fartøyet ligg det ein opsjon for bygging av eit andre fartøy som må utløysast før 31. desember 2011. Dersom opsjonen ikkje blir utløyst, må det gjennomførast ein ny anbodsrunder.

Kystverket vurderer utgiftene til det andre far- tøyet til totalt 153 mill. kroner, av dette utgjer olje- vernutstyr 11,5 mill. kroner. Det er gjort framlegg om ei løyving på 77,9 mill. kroner til fornying av fartøy i statsbudsjettet for 2012. Byggjetida for eit slikt fartøy er to år.

Det er behov for bestillingsfullmakt for den delen av kostnaden som er del av entreprisen, det vil seie kostnader utanom prosjektkostnader og oljevernutstyr. Fiskeri- og kystdepartementet foreslår derfor at bestillingsfullmakta under kap.

1062, post 45 i 2011 blir auka med 134 mill. kroner til 137 mill. kroner.

Kap. 5575 Sektoravgifter under Fiskeri- og kystdepartementet

Post 74 Sektoravgifter Kystverket

Som følge av lønnskompensasjon på kap. 1062, post 01 på avgiftsfinansierte områder på kap. 1062, post 01 må kap. 5575 post 74 aukast med 4,361 mill. kroner. På denne bakgrunn foreslår Fiskeri- og kystdepartementet å auke kap. 5575 post 74 med 4,361 mill. kroner i 2011.

2 Orienteringssak

Stad skipstunnel

Stad skipstunnel er omtalt i Nasjonal transportplan 2010-2019. Regjeringa har innafor planramma teke høgde for eventuell byggjastart i siste halvdel av planperioden. Føresetnaden er at prosjektet har til- strekkeleg samfunnsmessig nytte, og at regjeringa vedtek å gå vidare med prosjektet.

Kystverkets oppdaterte konseptvalutgreiing om Stad skipstunnel vart lagt fram ved årsskiftet 2010/2011. Kvalitetssikringa blir gjennomført av Holte Consulting og Econ Pöry. I tillegg til at kva- litetssikrarane gjennomgår den samfunnsøkon- omiske analysen til Kystverket, gjer dei også ein sjølvstendig samfunnsøkonomisk analyse av pro- sjektet. Tilsvarende blir gjort i alle kvalitetssikrin- gar, og gjeld såleis ikkje særskilt for Stad skipstun- nel.

I løpet av kvalitetssikringa har det blitt avdekt at tilgjengelegheit til tunnelen i dårleg vêr ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Det må derfor gjennom- førast oppdaterte utgreiingar av bølge-, straum- og siktforhold knytt til ein eventuell tunnel, og korleis ulike fartøytypar vil handtere desse vêrfor- holda. Kystverket er bedt om å vurdere dette nær- are. Når dette er utgreidd, vil Holte Consulting og Econ Pöry kunne ferdigstille rapporten sin. Utgreiinga av prosjektet vil framleis vere i rute med omsyn til tidsplanen som er skissert i Nasjo- nal transportplan.

Fiskeri- og kystdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om
endringar i statsbudsjettet for 2011 under Fiskeri-
og kystdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2011 under Fiskeri- og kyst-
departementet i samsvar med eit vedlagt forslag

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet for 2011 under Fiskeri- og kystdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2011 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap	Post	Formål	Kroner
1020		Havforskningsinstituttet	
	1	Driftsutgifter, blir auka frå 342 073 000 til 347 173 000	5 100 000
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka frå 289 400 000 til 304 400 000	15 000 000

Inntekter:

Kap	Post	Formål	Kroner
5575		Sektoravgifter under Fiskeri- og kystdepartementet	
	74	Sektoravgifter Kystverket, blir auka frå 708 625 000 til 712 986 000	4 361 000

II

Bestillingsfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Fiskeri- og kystdepartementet i 2011 kan gjere bestillingar ut over gitte løyvin-
gar, men slik at samla ramme for nye bestillingar og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap	Post	Formål	Samla beløp
1062		Kystverket	
	45	Større utstyrsjøp og vedlikehald 137 mill. kroner	

III

Tilføying av stikkord

Stortinget samtykkjer i at stikkordet "kan overførast" blir tilføya kap. 1021 Drift av forskingsfartøy, post
21 Spesielle driftsutgifter og kap. 1022 Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning, post 21 Speci-
elle driftsutgifter, i statsbudsjettet for 2011.